

WPSA- fagartikkel, trykket i tidsskriftet FJØRFE nr. 3/2000.

## **Kor vanleg er koksidiøse hos norsk slaktekylling?**

*Magne Kaldhusdal, Veterinærinstituttet Oslo*

Kan bruk av koksidiostatika i slaktekyllingfôret erstattast av andre typar forebyggande tiltak? Dette spørsmålet er noe av bakgrunnen for at Fagsenteret for fjørfe har tatt initiativ til ei kartlegging av forekomsten av koksidiøse hos norsk slaktekylling i dag. Ei slik kartlegging vil gi informasjon om kor vanleg koksidiøse er med dagens driftsform (inkludert Narasin i fôret), og vil dermed gjera det lettare å vurdere effekten av endringar i bruk av forebyggande tiltak. Når vi snakkar om koksidiøse i denne samanhengen, tenkjer vi på ei mild form ('subklinisk'), som ikkje fører med seg markert auke i avgang, men som truleg kan redusere produksjonsresultat og dekningsbidrag. I arbeidet med Kartleggingsstudien vil 100 slaktekyllingprodusentar, sju fjørfeslakteri med tilhøyrande kjøtkontrollar og Veterinærinstituttet vera sentrale deltakarar.

### **Forstudie gjennomført**

For å finne fram til best mogleg framgangsmåte for innsamling av materiale til Kartleggingsstudien, har vi gjennomført ein mindre Forstudie. Vi har samla materiale frå ein slaktekyllingflokk frå kvar av fire ulike produsentar. Forstudien var eit samarbeid mellom Østfold Eggssentral, Næringsmiddeltilsynet i Indre Østfold og Veterinærinstituttet Oslo.

### **Koksidiøse i alle fire flokkane**

Vi undersøkte flokkane ved fire ulike aldrar; ca. 17, 22, og 28 dagar samt slaktedagen. Vi målte koksidiøse-forekomst på ulike måtar; som tarmforandringar hos avliva kyllingar, som koksidiar (såkalla oocyster) i fersk avføring, og som koksidiar i strø. Samtidig undersøkte vi også kyllingar, avføring og strø for forekomst av nekrotiserande enteritt og bakterien *Clostridium perfringens*.

Vi fann koksidiøse-forandringar i tarmen hos 24 % av alle dei undersøkte kyllingane.

Forekomsten varierte mellom 17.5 og 37.5 % i dei fire flokkane.

### **Koksidiøse i strø og avføring**

Koksidiøse-tal varierte mye frå prøvedag til prøvedag. Det høgaste koksidiøse-talet per flokk varierte frå 40.000 per gram til 490.000 per gram.

Dei høgaste koksidiøse-tal i kvar enkelt flokk fanst til ulike tider; på andre prøvedag i ein flokk, på tredje prøvedag i to flokkar, og på slaktedagen i den fjerde flokken. Tidspunktet for høgaste koksidiøse-tal samsvarte godt med tidspunktet for flest obduserte kyllingar med koksidiøseforandringar i tarmen.

### **Koksidiøseartar**

Metodikken vi brukte gir ikkje grunnlag for sikker identifisering av koksidiøse-art. Men tarmforandringane gir ein god peikepinn. Funna tydar på at arten *Eimeria acervulina*, som gir ei form av tynntarmskoksidiøse, var hovudårsak til tarmforandringar i desse fire flokkane.

### **Nekrotiserande enteritt**

Forekomsten av nekrotiserande enteritt (NE) var lågare enn forekomsten av koksidiøse, med eit gjennomsnitt på 6 % av dei undersøkte kyllingane. NE vart påvist i tre av fire flokkar, med 17.5 % som høgaste flokk-tal. Desse tala samsvarte godt med tala for leverforandringar hos

kasserte kyllingar ved slakting, og tyda på at ein av dei fire flokkane skilte seg klart ut med høgast forekomst.

### **Konklusjonar**

Funna tydar på at koksidiøse kan vera minst like vanleg som nekrotiserande enteritt, med dagens driftsform. Men vi såg at også nekrotiserande enteritt gjorde seg gjeldande i tre av fire flokkar. Alt nå kan ein anta at behovet for alternative forebyggande tiltak er stort hos endel produsentar, dersom næringa vel å ta bort koksidiostatika frå fôret.

Vi veit ikkje kor representative desse flokkane er for norsk slaktekyllingproduksjon. Det vil den kommande Kartleggingsstudien gi svar på. Her vil vi også finne eit grunnlag for å vurdere korleis koksidiøse og nekrotiserande enteritt påvirkar produksjonsresultata. Eg vil med dette ønske dei involverte slaktekyllingprodusentane, slakterikonsulentane og kjøttkontrollveterinærane lykke til med Kartleggingsstudien.